

Velkommen til masterstudiet i klinisk sjukepleie – anestesijukepleie, barnesjukepleie, operasjonsjukepleie og intensivsjukepleie ved Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Du er no student på kull MA-KS_2021 ved Fagseksjon for master i klinisk sjukepleie og du har medstudentar i kullet på campus Haugesund, campus Bergen og campus Førde.

Har du studie plass ved campus Førde:

Studiestart er torsdag 19. august i høgskulen sine lokale på Vie (ved Førde Sentralsjukehus). Oppmøtestad og klokkeslett finn du i timeplanen.

Har du studie plass ved campus Bergen:

Studiestart er torsdag 19. august i høgskulen sine lokale på Kronstad (Inndalsveien 28, bybanestopp Kronstad). Oppmøtestad finn du i timeplanen.

Har du studie plass ved campus Haugesund:

Studiestart er torsdag 19. august i høgskulen sine lokale i Bjørnsonsgate 45. Oppmøtestad og klokkeslett finn du i timeplanen.

Grunna utbrotet av Covid19, kjem noko av undervisninga i haust til å gå digitalt via Zoom. Første studiedag blir på den campusen du er teken opp som student, og du må prioritere å møte første studiedag for introduksjonen som studiet bygger vidare på.

Studieplaner - Master i klinisk sjukepleie

[Anestesisjukepleie](#)

[Barnesjukepleie](#)

[Operasjonsjukepleie](#)

[Intensivsjukepleie](#)

I studieplanane finn du læringsutbytte, arbeidskrav og eksamensformer. Vedlagt finn du ein årsstruktur, med oversikt over veker med teoristudier på campus og kliniske studiar i sjukehuset gjennom studieåret 2021-2022.

Semesterregistrering

Du vil få tilsendt SMS frå HVL med pinkode og informasjon og lenkje til semesterregistrering tidleg i august. Frist for registreringa er 1. september, men det er avgjerande at du semesterregistrerer deg i god tid før oppstart for å få tilgang til læringsplattforma Canvas. Der ligg også Zoom tilgjengeleg.

I Studentweb finn du også faktura for semesteravgift slik: Vel «Meir» i toppmenyen, deretter betaling. Dersom det ikkje ligg faktura her, vel du «Opprett faktura».

Informasjon om [Studiestart hausten 2021](#)

Undervisning

Når forelesningane bli gjennomført digitalt via Zoom, fylger du undervisninga frå eigen PC. Noko av undervisninga har frammøteplikt. Dei timane er merka «obligatorisk» på timeplanen.

Timeplan

[Timeplan haust 21](#)

Klikk på «Finn timeplanen din i TimeEdit».

Klikk på «Åpen inngang HVL – krever ikke innlogging».

Klikk på «timeplan høst 21» for din campus.

Søk på kull/klasse, bruk kode for din spesialisering:

MA-KSA_2021 (anestesi)

MA-KSB_2021 (barn)

MA-KSO_2021 (operasjon)

MK-KSI_2021 (intensiv)

Klikk på «Legg til alle»

Klikk på «vis timeplan»

Rom- og timeplanane for hausten 2021 kan bli endra heilt fram mot studiestart.

Canvas

Høgskulen nyttar Canvas aktivt til kommunikasjon og informasjon. Canvas blir brukt til administrativ og fagleg informasjon om studiet, innlevering av arbeidskrav, plan for samlingane, PowerPoint presentasjonar, lenke til pensumliste, meldingar m.m. Dersom Canvas er ukjent for deg, finn du nyttige tips på [Canvas hjelpesider](#).

Studentliv

Les meir om studentliv på og utanfor campus Førde, campus Bergen og campus Haugesund [her](#).

Meir informasjon

Vi oppmodar deg til å bruka nettsida [For studentar](#).

Her finn du utfyllande informasjon, og meir om pliktene og rettane dine som student.

Lurer du på noko?

Ta kontakt med [servicetorget](#) som er førstelinetenesta på campusane våre.

Du må møte/registrere deg digitalt ved oppstart første dag, men dersom du blir forhindra den dagen, eller ikkje vil ta studiet likevel, ber vi deg ta kontakt med opptak@hvl.no så fort som råd.

Velkommen til studiestart. Vi ser fram til å møte deg i august!

Fagseksjon for master i klinisk sjukepleie,
18. juni 2021

Venleg helsing

Johannes Haltbakk (sign.)
fagseksjonsleiar

FAGSEKSJON FOR MASTER I KLINISK SJUKEPLEIE STUDIEÅRET 2021 - 2022

pr 03 03 2021

HAUSTEN 2021

VÅREN 2022

Kull MA-KS2021/ MSS2021		33	34	35	36	37	38	39	40	41	42	43	44	45	46	47	48	49	50	51	52	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18	19	20	21	22	23	24													
Veke:		19.08	23.08	30.08	06.09	13.09	20.08	27.08	04.10	11.10	18.10	25.10	01.11	08.11	15.11	22.11	29.11	06.12	13.12	20.12	27.12	03.01	10.01	17.01	24.01	31.01	07.02	14.02	21.02	28.02	07.03	14.03	21.03	28.03	04.04	11.04	18.04	25.04	02.05	09.05	16.06	23.05	30.05	06.06	13.06													
Dato:																				Jul	Jul															Påske																						
	MKS552						MKS 550																																																			

T= teoristudier ABIO
 K= Kliniske studier ABIO
 S= Samling

Emnekodear

- MKS552: Å vera akutt og/eller kritisk sjuk
- MKS550: Fysiologi, patofysiologi og medisinsk behandling ved akutt og/eller kritisk sjukdom
- ANES02/ INT502/ OPR502/ BARN502: Anestesimedisin/intensivmedisin/Kirurgi, anatomi og mikrobiologi
- ANES03/ INT503 /OPR503, Fag og funksjon
- MAMET500: Vitenskapsteori, forskingsmetode og korskingsetikk
- ANES04/ INT504/ OPR504/ BARN504: Kliniske studiar 1
- ANES05/ INT505/ OPR505/ BARN505: Kliniske studiar 2
- BARN501: Barnesykepleie
- BARN502: Barnesykepleie - fag og funksjon
- BARN503: Fordjuping barnesykepleie - fag og yrkesutøving
- BARN504: Kliniske studier 1
- BARN505: Kliniske studier 2